

Velle 14.10.2009

Styret i Velledalen Sogelag

v/ styreleiar Gunnar Velle

Vallavegen 79

6220 Straumgjerde

Sykkylven kommune

Rådhuset

6230 Sykkylven

Innspel til rullering av kommuneplanen for Sykkylven, arealdelen.

Velledalen sogelag v/styret, har fylgjande innspel til kommunedelplanen, angående stølsområda i Velledalen:

Mange av stølane i Velledalen er framleis stort sett skåna for hyttebygging. Stølane er gamalt kulturlandskap med stor naturhistorisk verdi. Mange av desse stølane er brukte til beiting, og også flittig brukt av allmenta til rekreasjon og ymse kulturarrangement. Ei, to eller tre hytter på ein støl kan fort øydelegge heile stølsområdet. Det er difor av svært stor allmenn interesse at stølane vert verna mot hyttebygging.

Etter å ha samla store mengder historisk stoff om sætrane i Velledalen og gitt ut dette i bokform, har det lokale sogelaget berga verdfull lokalhistorie for ettertida. Med dette innspelet til rulleringa til kommunedelplanen, vil styret i Velledalen sogelag oppmode Sykkylven kommune sine politikarar og planleggjarar om å sørgje for at mest mogeleg av stølsområda vert verna og tekne vare på for ettertida.

Vi har historia og historiene. Vi må også ta vare på stadane!

For styret i Velledalen sogelag

*Gunnar Velle*

Gunnar Velle

styreleiar